



Breheimen  
nasjonalparkstyre

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Breheimen nasjonalparkstyre

**Møtested:** Billingen, Skjåk

**Dato:** 21.06.2024

**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 27/24	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 28/24	Breheimen nasjonalpark - Mørkridsdalen - Oppsetting av basestasjon for radiomerking av beitedyr - Flytting av plassering - Skjolden beitelag		2022/2466
ST 29/24	Breheimen nasjonalpark - Innsamling av belegg til artskartlegging -Basiskartlegging - Miljøfaglig Utredning AS		2024/6439
ST 30/24	Delegerte vedtak		
DS 35/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - 2027 - organisert ferdsel - Dumdalsgrottene - Aktiv i Lom AS v/ Elin Husom Slålien		2023/7532
DS 36/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - 2027 - organisert ferdsel - Dumdalsgrottene - Soleggen Lerirskole v/ Sigrun Ente		2024/4260
DS 37/24	Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - utplassering av Fjellgeitpost - Fjellgeita - Skjåk IL		2024/3621
DS 38/24	Mørkridsdalen LVO - Søknad om motorferdsel - Fjellsli - Transport av materialer - Sverre og Marta Marie Bukve		2024/4978
ST 31/24	Eventuelt		

**ST 27/24 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /**



Arkivsaksnummer: 2022/2466-8

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 14.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	28/24	21.06.2024

## Breheimen nasjonalpark - Mørkridsdalen - Oppsetting av basestasjon for radiomerking av beitedyr - Endra plassering - Skjolden beitelag

### Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har, i styremøte 21 juni 2024, vedtatt å gje Skjolden beitelag løyve til å sette opp 1 basestasjon for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Breheimen nasjonalpark. Det kan setjast opp ein basestasjon avmerkte områda på kartet i vedtaket som ligg innanfor Breheimen nasjonalpark. Området dette gjeld er Grøndalane, mellom Råsane og Haugs-Sveidalen. Løyve til å setje opp basestasjon på namnlaus topp mellom Gravdalen og Bolstad-Sveidalen vil med dette løyve utgå (Sjå 2022/2466-6).

Basestasjonen skal plasserast innan for ein radius på 100 meter ut frå punktet på kartet (UTM 32 N 6827206, Ø 429390), der tiltakshavar skal finne best mogleg plassering med omsyn til minimal silhuettverknad og god mobildekning.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 punkt 1.3 k).

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Basestasjonen kan festast i fjellet med 12 mm bolt til søylefot til mast, samt inntil 4 boltar på 8 mm i diameter til barduner.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Basestasjonen skal plasserast slik at den er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste topp for å gjera stasjonen minder ruvande i landskapet.
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.
- Basestasjonen skal kunne nyttast av andre beitelag med husdyr i same fjellområdet.
- I forkant av oppsetting skal forvaltar kontaktast for å avklare nøyaktig plassering av master. Om høve vil forvaltar vere med på oppsetting.

Løyve til utplassering av basestasjonane gjeld fram til 01.06.2024.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Tiltaka må i tillegg hentast inn naudsynte avtalar med grunneigarar i området, og avklarast med Luster kommune om tiltaket er søknadspliktig.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

## Dokument i saka

Skjolden beitelag fekk i 2022 løyve frå Breheimen nasjonalparkstyre til å setje opp 3 basestasjonar i sine beiteområder. Det var på dåverade tidspunkt 13 gardbrukarar med dyr som tok del i søknaden. Det er særleg to fordelar med elektronisk merking av beitedyr som vil lettjar arbeidet og gjere det meir føreseieleg.

1. Gardbrukar får melding om når dyr dør (ingen rørsle) eller er uroleg. Dette er viktig for å dokumentere eventuell dødsårsak. Nokre år er rovdyr ei utfordring, så ei tidleg varsling kan gjere gardbrukarane høve til å gjere tiltak for å minke tap, t.d. tidlegare sanking.

2. Meir effektiv sanking av beitedyr. Det er store fjellområder der dyra er på beite. Ved å kunne gå meir målretta ut i fjellområda etter dyr, vil det spare kvar gardbrukar mange arbeidsdagar under sanken. Ein slepp uvissa når ein ikkje finn dyr, om dei er døde eller står att i fjellet. Det kan komme snø i fjellet i sankeperioden, noko som gjer det krevjande.

Systemet som er planlagt sett opp er Gjetargut ([www.gjetargut.no](http://www.gjetargut.no)). Systemet er laga for områder med dårleg eller utan mobildekning. Det er ein klave som festast på beitedyr som sender posisjon med radiosignal ein eller fleire gonger i døgnet til ein basestasjon. Basestasjonane må ha mobildekning for å sende data vidare til telefon eller PC. For å få best mogleg dekningsgrad i kupert terreng, må det ofte fleire basestasjonar til.

Basestasjonane er kring 2,5 – 3 meter høge. Foten til basestasjonen må borrhast i fjell med eit 12 mm bor. Basestasjonspålen støttast opp av 4 barduner som festast i fjell med 80\*8 mm boltar. På masta er antenne, batterikasse og solcellepanel festa (sjå bilete figur 1).


Alle gardbrukarane med sau ønska å nytte systemet i 2022, og det vart oppfatta som positivt og motiverande for lokalt samarbeid mellom gardbrukarane. Systemet har nå blitt prøvd ut i to sesongar, og store delar gardbrukarane i Luster kommune har nå gått over til dette systemet, og det vert prøvd ut blant anna i Jostedalsbreen nasjonalpark i 2024. Systemet har også blitt prøvd ut på andre typar husdyr som geit og kyr. Systemet har fungert bra, men det har vore nokre utfordringar med klimatiske forhold ved basestasjonane. Det var ikkje uventa, men det er eit ynskje om å forbetre sendarane slik at ein får minimalt med motorisert ferdsel over tid til desse basestasjonane. Nokre av utfordringane som har vore desse sesongane er at på grunn av langvarig beiting utover hausten, så har ladesystem via solcellene blitt av så dårleg kvalitet at batterikapasiten til basestasjonane har blitt minimal. Det har derfor vore behov for å blant anna bytte ut batteri, eller starte basestasjonane oppatt ved fysisk oppmøte på våren.

Skjolden beitelag har ikkje nytta heile det opprinnlege løyve til å setje opp 3 basestasjonar i Breheimen nasjonalpark, då dekningsgraden har vore tilstrekkeleg. I år har beitebrukarane merka ei endring i sauens beitebruk av dalbotnen i Mørkridsdalen, og i dette området er det dårleg dekningsgrad med to basestasjonar. Skjolden beitelag ynskjer å optimalisere basestasjonane innanfor dei råme som tidlegare er gjevne, og ynskjer derfor å flytte plassering frå namnlaus topp mellom Gravdalen og Sveidalsnosi til Grøndalane, topp mellom Råsane og Haugsveidalen. Det er også ei moglegheit at ved fleire basestasjonar så vil ein


minke bruken av den einssilde basestasjon slik at ein kan oppretthalda batterikapasiteten til kvar basestasjon over lengre tid.

Skjolden beitelag har fleirårig motorisert løyve i nærleiken av omsøkt plassering av basestasjonar, så ved eventuell vedlikehald kan dette samordnast. Erfaring tilseier likevel at alle installasjonar vil føre til noko meir motorisert ferdsel, då det av ulike årsaker er noko som må fiksast, endrast eller bytast ut.

Basestasjonane må plasserast i område med mobildekning. Dette gjer mange plasseringar ueigna, særleg gjeld dette innanfor Mørkriddalen landskapsvernområde. I landskapsvernområdet er det få stader det er mobildekning. Skjolden beitelag har saman med Gjetargut forsøkt å finne dei mest eigna plasseringane, med færrest mogleg basestasjonar som gjev best dekning av beiteområda. For å få mobildekning og dekke så stort område som mogleg, ønskjer ein å plassere basestasjonen på fjellryggen i området. Fjellryggen er avrunda, noko som gjer at ein kan styre plasseringa noko i forhold til å få minst mogleg uheldig påverknad på landskapet.



*Figur 2 Kart med plassering av dei to oppsette basestasjonane og dekningsgrad i terrenget. Basestasjonane er innanfor Breheimen nasjonalpark, og Mørkriddalen LVO er i dalen mellom basestasjonane. Dekning: Desto raudare farge desto betre dekningsgrad er det.*



*Figur 1 Kart med plassering av dei to oppsette basestasjonane, og den omsøkte plasseringa av basestasjonen ved Grøndalane, og potensiell dekningsgrad i terrenget. Basestasjonane er innanfor Breheimen nasjonalpark, og Mørkriddalen LVO er i dalen mellom basestasjonane. Dekning: Desto raudare farge desto betre dekningsgrad er*

I den opprinnlege søknaden så var det eit ynskje om basestasjon mellom Gravdalen og Bolstad - Sveidalen, og i *dalen nord for dette punktet uttalte sekretæren for Reinheimen-Breheimen villreinutval seg slik «I det omsøkte området er det lite med villrein, unntaksvis noen bukker på sommer/ tidlig høst. De er da ganske robuste, og blir neppe forstyrret av noen stillestående elementer i terrenget. Så dette prosjektet med de 3 basestasjonene i omsøkte område bør gå greit i forhold til villreinen i Breheimen.»* Det er positivt at det er denne basestasjonen som beitebrukarane i Skjolden beitelag ynskjer å endre plassering, og forvaltar ser det som teneleg at set vilkår om at førre plassering, ved Sveidalsnosi, utgår ved evt. Dispensasjon til endra plassering.

Det er ingen kjente observasjonar av raudlisteartar som kan bli påverka av tiltaket og ikkje registrert hekkelokalitetar i aktuelle områder, så biologisk mangfald og høg fjellsøkosystem vil ikkje så langt ein kan sjå bli påverka, jf. § 2 i verneforskrifta.

Breheimen nasjonalparkstyre har fekk i 2022 ei landbruksfagleg uttale frå fagleiar landbruk i Luster kommune: *«Mørkridsdalen er eit beiteområde som ved fleire høve har vore utsett for tap av sau til jerv. Bruk av radiobjøller kan gi sauebøndene i området raskare klarheit i byrjande rovdyrangrep og slik raskare tiltak for å hindra tap av beitedyr.*

*Radiobjøller er også eit godt verktøy ved tilsyn og sanking av beitedyr og lettar bruken av beiteområdet generelt. Vi har elles lite erfaring med bruk av radiomaster for signalforsterking, men er generelt positive til teknologi som gir god oversikt over beitedyra i fjellet.*

*Vi vurderer at overvakingsteknologi på beite har godt potensiale for å gi auka lønsemd i beitebruken og betra dyrevelferd for husdyra.»*

## Heimelsgrunnlag

### Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Breheimen nasjonalpark, datert 7. august 2009
2. Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, datert 7. august 2009
3. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009
4. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen

### Verneformål – forskrift

Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde har noko ulike verneføremål. Det er særskilt i kulturlandskapet i landskapsvernområdet beitedyr er viktig i forhold til verneføremål.

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særigne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep.

Vidare er føremålet med nasjonalparken å:

- ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde

- ta vare på vassdragsnaturen i området
- ta vare på ein variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap
- ta vare på grottene i området
- ta vare på kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I nasjonalparkar skal ingen varig påverknad av naturmiljø eller kulturminne finne stad, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Det er vern mot inngrep i landskapet, som til dømes varige eller mellombelse innretningar, boring og festing av boltar, jf. § 3 punkt 1.1. Verneforskrifta i både Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde seier vidare at forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til oppsetting av master for elektroniske bjøller på sau i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltingsplan, jf. § 3 punkt 1.3 k.

## Forvaltningsplan

I Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen kapittel 3.3.9 Master i beitebruk er det laga retningslinjer for forvaltning og bruk. Når ein vurderar søknader blir det lagt vekt på korleis anlegget blir plassert, høgde på master, om det er fast eller mobil, og motorisert ferdsel i samband med drift og etablering. Teknologien skal vere utprøvd og det blir vektlagt kor stor del av beitebrukarane som kjem til å nytte systemet.

Satelittbaserte løysingar er å føretrekkje om teknologien er god nok og om det er innanfor økonomisk akseptable grenser. Det er viktig å unngå fleire master enn det som er absolutt naudsynt, og det skal innhentast ein landbruksfagleg vurdering av behovet. Vidare skal alternative plasseringar vurderast. Og ein skal prøve å unngå uheldig verknad på landskapet.

## Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Breheimen nasjonalparkstyre skal vurdere om oppsetting av 1 mast for elektroniske bjøller på beitedyr kan gjevast løyve til etter verneforskrifta § 3 punkt 1.3 k), der forskrifta seier at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til eit slikt tiltak.

Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde har ulike verneføremål med omsyn til kor viktige beitedyr er. Sjølv om beiteområda ikkje er nemnt i verneføremålet i nasjonalparken, slår forvaltningsplanen fast at desse har stor verdi. Dei heng saman med beiteområda i Mørkridsdalen, og er viktige for beitebrukarar som sommararbeite.

Skjolden beitelag har saman med Gjetargut prøvd å finne dei mest eigna stadane å sette opp master, der målet er å ha best mogleg dekning og færrest mogleg master. Den opprinnlege saka vart behandla i 2022, då var det planlagt to master er utanfor verneområde, medan tre er innanfor Breheimen nasjonalpark. Desse tre var ønska plassert på fjelltoppane Skurvenosi 1450 moh., Skurvenosi 1337 moh. og namnlaus topp mellom Gravdalen og Bolstad-Sveidalen 1579 moh. Vernegrensene til landskapsvernområdet ligg eit stykke ned i fjellsidene og det er ikkje/svært dårleg mobildekning innanfor verneområdet. Dette gjer området lite eigna til å ha basestasjonar. Vidare vil mastene som blir plassert utanfor



verneområda dekkje mindre deler av beiteområda, særskilt dei nordlege delane. Det vart av ulike grunnar ikkje oppsett på namnlaus topp mellom Gravdalen og Bolstad-Sveidalen/Sveidalsnosi, og det er denne Skjolden beitelag nå ynskjer å søkje om løyve til å endre plassering av. Plassering vert på avrunda topp/rygg ved Grønndalane, mellom Råsane of Haugs-Sveidalen.

I Mørkridsdalen har det vore mykje tap av beitedyr grunna store rovdyr, særskilt jerv. I forvaltingsplanen for verneområda i Breheimen side 88 står det: «*For grunneigarane er det viktig med kontroll med tap av sau på beite som følgje av jerv i området for å halde oppe beitinga i Mørkridsdalen*». For beitebrukarane vil radiomerking av beitedyra hindre mykje uvisse, gjere det enklare å dokumentere eventuelle tap av dyr og raskare kunne gjere grep for å hindre tap av dyr. Radiomerking av dyr vil også vere til stor hjelp i samband med sankinga, og føre til stor tidssparing. Fagleiar landbruk i Luster kommune uttaler seg positivt til å teknologi som gir betre oversikt over beitedyr i fjellet.

Verken gjennom forvaltningserfaring eller registrerte observasjonar av naturmangfald kan forvaltar sjå at omsøkt tiltak vil påverke artar eller økosystem. Dette vart også stadfesta av sekretær for villreinutvalet i Reinheimen-Breheimen, som seier tiltaket lite truleg vil påverke villreinen i området.

Basestasjonane har vore sett opp på verutsette områder før og skal tole mykje ver og vind, men diverre så har det vore nokre uforutsette hendingar som har ført til noko auke i motorisert ferdsel til desse basestasjonane. Det skal i utgangspunktet ikkje vere naudsynt med noko jamnleg drift og tilsyn av installasjonane. Likevel tilseier erfaring at alle installasjonar vil trenge noko vedlikehald. Mykje av utstyret som er naudsynt til basestasjonane er relativt små og lette, og kan fraktast fram til fots. Vidare har Skjolden beitelag fleirårige løyver med både snøskuter og helikopter i områda rundt. Det kan om naudsynt samordnast slik at eventuelt vedlikehald skjer samstundes. Difor reknar ikkje forvaltar med at det naudsynt med fleire motorferdselløyver, med unntak av montering.

Løyve til å etablere basestasjonar i dette området har gjeve presedens for tilsvarende saker i andre verneområde enn Breheimen. Samtidig er beitedyr i området svært positivt for å halde kulturlandskapet ope, og landbruk er ein aktivitet det skal leggjast til rette for i tilgrensande verneområde. Det er også opna opp for tiltaket i verneforskrifta i Breheimen nasjonalpark, og Skjolden beitelag har 13 beitebrukarar som nyttar områda kring Mørkridsdalen til sommararbeite. Dette gjer at tiltaket vil vere nyttig for mange gardbrukarar som kan sikre framtidig bruk av områda til beitedyr og styrke verneformålet til Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Kunnskapen om området er kjent gjennom mange år med forvaltningserfaring og Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen. Det er ikkje registrert raudlisteartar i planlagt område for oppsetting av master, med unntak av observasjon av jerv. Tiltaket vil ha ingen/minimal påverknad på villrein, jf. uttale frå sekretær i Reinheimen-Breheimen villreinutval. Det er ikkje registrerte kulturminne i område der basestasjonane er planlagt. Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdere denne saka, jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet, jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak vil få på naturmiljøet, jf. nml. § 10. Basestasjonen vil vera eit nytt teknisk inngrep. Dette er ein relativt liten installasjon som vil vera lite synlege på avstand, og vil ikkje gje dei store endringane i landskapet. Plassering av mastene kan ta omsyn til dei mest nytta turstiane i området. Stasjonane vil koma innanfor eit område som er markert som inngrepsfritt område (INON). Basestasjonane er relativt små installasjonar, og blir difor ikkje rekna som tyngre installasjon som endrar definisjonen på område som eit inngrepsfritt området.

Tiltaket vil i liten grad medføra inngrep i landskapet, med unntak av mindre boltar i fast fjell. Sidan desse kan kappast jamnt med fjellet blir det bli minimalt med sår i terrenget. Forvaltar vurderer tiltaket som reversibelt. Ved å plassere basestasjonane slik at dei er lite synleg frå turstiar i området, og med minst mogleg silhuett-verknad, vil dei vera til liten skade for

friluftslivet. Etter ei samla vurdering meina forvaltar basestasjonen ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane, og er ikkje i strid med verneføremålet i Breheimen nasjonalpark. Om tiltaket fører til at gardbrukarar held fram med å ha beitedyr i området kring Mørkridsdalen, vil det heller vere med å styrke verneføremålet i Mørkridsdalen landskapsvernområdet.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

#### Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar at tiltaket ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og vurderer at Breheimen nasjonalparkstyre med heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 punkt 1.3 k) bør innvilge søknad om etablering av ein basestasjon for elektroniske bjøller innanfor Breheimen nasjonalpark.



**Breheimen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Postboks 987  
2604 LILLEHAMMER

**Besøksadresse**  
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk  
Almenning), 2690 Skjåk og  
Luster kommune,  
Kommunehuset, 6868 Gaupne

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 61 26 60 00  
Direkte: +47 57 64 31 39  
sfinpost@statsforvalteren.no  
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

Skjolden beitelag

Saksbehandlar Trygve Snøtun

Vår ref. 2022/2466-6 432.3

Dykkar ref.

Dato 18.05.2022

## **Vedtak Sak - Breheimen nasjonalpark - Mørkridsdalen - Oppsetting av basestasjonar for radiomerking av beitedyr - Skjolden beitelag**

Breheimen nasjonalparkstyre har i møte 06.05.2022 vedteke følgjande:

Breheimen nasjonalparkstyre gjev Skjolden beitelag løyve til å sette opp 3 basestasjonar for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Breheimen nasjonalopark. Det kan setjast opp ein basestasjon på kvar av dei 3 avmerkte områda på kartet i vedtaket som ligg innanfor Breheimen nasjonalpark. Områda dette gjeld er Skurvenosi 1450 moh., Skurvenosi 1337 moh. og namnlaus topp mellom Gravdalen og Bolstad-Sveidalen 1579 moh. Basestasjonane skal plasserast innan for ein radius på 100 meter ut frå punktet på kartet, der tiltakshavar skal finne best mogleg plassering med omsyn til minimal silhuettverknad og god mobildekning.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 punkt 1.3 k).


Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Kvar basestasjon kan festast i fjellet med 12 mm bolt til søylefot til mast, samt inntil 4 boltar på 8 mm i diameter til barduner.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste toppane for å gjera stasjonane minder ruvande i landskapet.
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.
- Basestasjonane skal kunne nyttast av andre beitelag med husdyr i same fjellområdet.
- I forkant av oppsetting skal forvaltar kontaktast for å avklare nøyaktig plassering av master. Om høve vil forvaltar vere med på oppsetting.

Løyve til utplassering av basestasjonane gjeld fram til 30.06.2023.

---

<b>Nasjonalpark</b>	Breheimen
<b>Naturreservat</b>	Høyrokampen
<b>Landskapsvernområde</b>	Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen



Kart med plassering av basestasjonar og dekningsgrad i terrenget. Dei tre nordlegast basestasjonane er innanfor Breheimen nasjonalpark, og Mørkridsdalen LVO er i dalen mellom basestasjonane.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Tiltaka må i tillegg hentast inn naudsynte avtalar med grunneigarar i området, og avklarast med Luster kommune om tiltaket er søknadspliktig.



## Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre gjev Skjolden beitelag løyve til å sette opp 3 basestasjonar for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Breheimen nasjonalopark. Det kan setjast opp ein basestasjon på kvar av dei 3 avmerkte områda på kartet i vedtaket som ligg innanfor Breheimen nasjonalpark. Områda dette gjeld er Skurvenosi 1450 moh., Skurvenosi 1337 moh. og namnlaus topp mellom Gravdalen og Bolstad-Sveidalen 1579 moh.


Basestasjonane skal plasserast innan for ein radius på 100 meter ut frå punktet på kartet, der tiltakshavar skal finne best mogleg plassering med omsyn til minimal silhuettverknad og god mobildekning.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 punkt 1.3 k).

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Kvar basestasjon kan festast i fjellet med 12 mm bolt til søylefot til mast, samt inntil 4 boltar på 8 mm i diameter til barduner.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste toppane for å gjera stasjonane minder ruvande i landskapet.
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.
- Basestasjonane skal kunne nyttast av andre beitelag med husdyr i same fjellområdet.
- I forkant av oppsetting skal forvaltar kontaktast for å avklare nøyaktig plassering av master. Om høve vil forvaltar vere med på oppsetting.

Løyve til utplassering av basestasjonane gjeld fram til 30.06.2023.



Kart med plassering av basestasjonar og dekningsgrad i terrenget. Dei tre nordlegast basestasjonane er innanfor Breheimen nasjonalpark, og Mørkridsdalen LVO er i dalen mellom basestasjonane.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Tiltaka må i tillegg hentast inn naudsynte avtalar med grunneigarar i området, og avklarast med Luster kommune om tiltaket er søknadspliktig.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

- Søknad om oppsetting av basestasjonar i Breheimen NP for radiomerking av beitedyr frå Skjolden beitelag, datert 25.02.2022
- Utfyllande søknad om oppsetting av basestasjonar i Breheimen NP for radiomerking av

beitedyr frå Skjolden beitelag, datert 23.02.2022

- Møte mellom forvaltar og Skjolden beitelag representert ved Rune Fuglesteg og Johannes Flohaug, 23.03.2022.

## Saksopplysningar

Skjolden beitelag ønskjer å sette opp til saman 5 basestasjonar i sine beiteområder, der 3 av desse er innanfor Breheimen nasjonalpark. Det er 13 gardbrukarar med dyr som søkjer. Det er særleg to fordelar med elektronisk merking av beitedyr som vil lette arbeidet og gjere det meir føreseieleg.

1. Gardbrukar får melding om når dyr dør (ingen rørsle) eller er uroleg. Dette er viktig for å dokumentere eventuell dødsårsak. Nokre år er rovdyr ei utfordring, så ei tidleg varsling kan gjere gardbrukarane høve til å gjere tiltak for å minke tap, t.d. tidlegare sanking.
2. Meir effektiv sanking av beitedyr. Det er store fjellområder der dyra er på beite. Ved å kunne gå meir målretta ut i fjellområda etter dyr, vil det spare kvar gardbrukar mange arbeidsdagar under sanken. Ein slepp uvissa når ein ikkje finn dyr, om dei er døde eller står att i fjellet. Det kan komme snø i fjellet i sankeperioden, noko som gjer det krevjande.

Systemet som er planlagt sett opp er Gjetargut ([www.gjetargut.no](http://www.gjetargut.no)). Systemet er laga for områder med dårleg eller utan mobildekning. Det er ein klave som festast på beitedyr som sender posisjon med radiosignal ein eller fleire gonger i døgnet til ein basestasjon. Basestasjonane må ha mobildekning for å sende data vidare til telefon eller PC. For å få best mogleg dekningsgrad i kupert terreng, må det ofte fleire basestasjonar til. Basestasjonane er kring 2,5 – 3 meter høge. Foten til basestasjonen må borrhast i fjell med eit 12 mm bor. Basestasjonspålen støttast opp av 4 barduner som festast i fjell med 80\*8 mm boltar. På masta er antenne, batterikasse og solcellepanel festa (sjå bilete figur 1).



Figur 1: Bilete henta frå [www.gjetargut.no](http://www.gjetargut.no)

Skjolden beitelag har vurdert fleire sporingssystem med dekning via telefonnett eller satellitt. «Alle sporingssystem basert på telefondekning i heile området er uaktuelle grunna særleg låg dekningsgrad. System knytt til satellitt (t.d. Find My Sheep) har synt store avgrensingar knytt til dårleg GPS-dekning, og vil gje usikker dekningsgrad. Kostnaden på eit slikt system vil i



*løpet av ein 10-årsperiode vere 3 gonger så høg som systemet frå Gjetargut, det kan ikkje forsvarast økonomisk slik tilhøva er i landbruket i dag. Derfor er satellittbaserte system også uaktuelle».*

Alle gardbrukarar med sau ønskjer å nytte systemet til Gjetargut. Det oppfattast som positivt og motiverande for lokalt samarbeid mellom gardbrukarar. Systemet kan også nyttast på andre beitedyr.

Basestasjonane er enkle å sette opp og det skal vere lite vedlikehald. Systemet er godt uttesta andre stader med krevjande klima og skal tåle å stå oppmontert heile året. Det vil krevje motorisert ferdsel i samband med montering, men utover dette skal det i utgangspunktet ikkje vere naudsynt med ekstra løyver til motorferdsel. Skjolden beitelag har fleirårige løyver i nærleiken av omsøkt plassering av basestasjonar, så ved eventuell vedlikehald kan dette samordnast. Erfaring tilseier likevel at alle installasjonar vil føre til noko meir motorisert ferdsel, då det av ulike årsaker er noko som må fiksast, endrast eller bytast ut.

Basestasjonane må plasserast i område med mobildekning. Dette gjer mange plasseringar ueigna, særleg gjeld dette innanfor Mørkridsdalen landskapsvernområde. I landskapsvernområdet er det få stader det er mobildekning. Skjolden beitelag har saman med Gjetargut forsøkt å finne dei mest eigna plasseringane, med færrest mogleg basestasjonar som gjev best dekning av beiteområda. For å få mobildekning og dekke så stort område som mogleg, ønskjer ein å plassere basestasjonane på fjelltoppar i området. Alle fjelltoppane er avrunda på toppen, noko som gjer at ein styre plasseringa noko i forhold til å få minst mogleg uheldig påverknad på landskapet.





Figur 2: Kart med ønska plassering av basestasjonar og dekningsgrad i terrenget. Dei tre nordlegaste basestasjonane er innanfor Breheimen nasjonalpark, og Mørkridsdalen LVO er i dalen mellom basestasjonane.

Fjella kring Mørkridsdalen er registrert som barmarksbeite for villrein. Dalen nord for den nordlegaste omsøkte basestasjonen er også kartlagt som ein trekkveg for villrein. Saka vart sendt til sekretær for Reinheimen-Breheimen villreinutvalg for uttale: «I det omsøkte området er det lite med villrein, unntaksvis noen bukker på sommer/tidlig høst. De er da ganske robuste, og blir neppe forstyrret av noen stillestående elementer i terrenget. Så dette prosjektet med de 3 basestasjonene i omsøkte område bør gå greit i forhold til villreinen i Breheimen.»



Det er ingen kjente observasjonar av raudlisteartar som kan bli påverka av tiltaket og ikkje registrert hekkelokalitetar i aktuelle områder, så biologisk mangfald og høg fjellsøkosystem vil ikkje så langt ein kan sjå bli påverka, jf. § 2 i verneforskrifta.

I dei omsøkte områda er det fleire relativt populære stiar som følgjer dalane rundt omsøkte basestasjonar. Desse er ein del av DNT sitt stinett. Dette gjeld sjølve Mørkridsdalen, Fjellsli – Åsete og Arentzbu- Nørdestedalseter. Sjølve fjelltoppane har avgrensa med besøk per i dag. Basestasjonane vil vere synleg om ein kjem nært nok, men kan mest sannsynleg plasserast slik at dei ikkje blir synleg/lite synleg frå dei mest nytta turstiane.

Breheimen nasjonalparkstyre har fått ei landbruksfagleg uttale frå fagleiar landbruk i Luster kommune: «Mørkridsdalen er eit beiteområde som ved fleire høve har vore utsett for tap av sau til jerv. Bruk av radiobjøller kan gi sauebøndene i området raskare klarheit i byrjande rovdyrangrep og slik raskare tiltak for å hindra tap av beitedyr.

Radiobjøller er også eit godt verktøy ved tilsyn og sanking av beitedyr og lettar bruken av beiteområdet generelt. Vi har elles lite erfaring med bruk av radiomaster for signalforsterking, men er generelt positive til teknologi som gir god oversikt over beitedyra i fjellet.

Vi vurderer at overvakingsteknologi på beite har godt potensiale for å gi auka lønsemd i beitebruken og betra dyrevelferd for husdyra.»

## Heimelsgrunnlag

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Breheimen nasjonalpark, datert 7. august 2009
2. Forskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, datert 7. august 2009
3. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009
4. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen

## Verneformål – forskrift

Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde har noko ulike verneføremål. Det er særskilt i kulturlandskapet i landskapsvernområdet beitedyr er viktig i forhold til verneføremål.

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep.

Vidare er føremålet med nasjonalparken å:

- ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald
- ta vare på leveområde til villreinstammen i Ottadalen villreinområde
- ta vare på vassdragsnaturen i området
- ta vare på ein variasjonsrikkdom i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap
- ta vare på grottene i området
- ta vare på kulturminne.

Ålmenta skal ha høve til uforstyrtra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med landskapsvernområdet å:

- ta vare på stolar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarkar
- ta vare på geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breane sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar



- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur, særleg knytt til Mørkridsdalselvi
- ta vare på edellauvskogen med særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre, førekomstar av gamal furuskog og rasmarker som pregar landskapet.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I nasjonalparker skal ingen varig påverknad av naturmiljø eller kulturminne finne stad, med mindre slik påverknad er ein føresetnad for å ivareta føremålet med vernet. Det er vern mot inngrep i landskapet, som til dømes varige eller mellombelse innretningar, boring og festing av boltar, jf. § 3 punkt 1.1. Verneforskrifta i både Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde seier vidare at forvaltingsstyresmakta kan gi løyve til oppsetting av master for elektroniske bjøller på sau i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltingsplan, jf. § 3 punkt 1.3 k.

### Forvaltningsplan

I Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen kapittel 3.3.9 Master i beitebruk er det laga retningslinjer for forvaltning og bruk. Når ein vurderar søknader blir det lagt vekt på korleis anlegget blir plassert, høgde på master, om det er fast eller mobil, og motorisert ferdsel i samband med drift og etablering. Teknologien skal vere utprøvd og det blir vektlagt kor stor del av beitebrukarane som kjem til å nytte systemet.

Satelittbaserte løysingar er å føretrekkje om teknologien er god nok og om det er innanfor økonomisk akseptable grenser. Det er viktig å unngå fleire master enn det som er absolutt naudsynt, og det skal innhentast ein landbruksfagleg vurdering av behovet. Vidare skal alternative plasseringar vurderast. Og ein skal prøve å unngå uheldig verknad på landskapet.

### Naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Breheimen nasjonalparkstyre skal vurdere om oppsetting av 3 master for elektroniske bjøller på beitedyr kan gjevast løyve til etter verneforskrifta § 3 punkt 1.3 k), der forskrifta seier at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til eit slikt tiltak.

Breheimen nasjonalpark og Mørkridsdalen landskapsvernområde har ulike verneføremål med omsyn til kor viktige beitedyr er. Sjølv om beiteområda ikkje er nemnt i verneføremålet i nasjonalparken, slår forvaltingsplanen fast at desse har stor verdi. Dei heng saman med beiteområda i Mørkridsdalen, og er viktige for beitebrukarar som sommararbeite.

Skjolden beitelag har saman med Gjetargut prøvd å finne dei mest eigna stadane å sette opp master, der målet er å ha best mogleg dekning og færrest mogleg master. To master er planlagt utanfor verneområde, medan tre er innanfor Breheimen nasjonalpark. Desse tre er ønska plassert på fjelltoppane Skurvenosi 1450 moh., Skurvenosi 1337 moh. og namnlaus topp mellom Gravdalen og Bolstad-Sveidalen 1579 moh. Vernegrensene til landskapsvernområdet ligg eit stykke ned i fjellssidene og det er ikkje/svært dårleg mobildekning innanfor verneområdet. Dette gjer området lite eigna til å ha basestasjonar. Vidare vil mastene som blir plassert utanfor verneområda dekkje mindre deler av beiteområda, særskilt dei nordlege delane.



I Mørkridsdalen har det vore mykje tap av beitedyr grunna store rovdyr, særskilt jerv. I forvaltingsplanen for verneområda i Breheimen side 88 står det: «*For grunneigarane er det viktig med kontroll med tap av sau på beite som følgje av jerv i området for å halde oppe beitinga i Mørkridsdalen*». For beitebrukarane vil radiomerking av beitedyra hindre mykje uvisse, gjere det enklare å dokumentere eventuelle tap av dyr og raskare kunne gjere grep for å hindre tap av dyr. Radiomerking av dyr vil også vere til stor hjelp i samband med sankinga, og føre til stor tidssparing. Fagleiar landbruk i Luster kommune uttaler seg positivt til å teknologi som gir betre oversikt over beitedyr i fjellet.

Verken gjennom forvaltningserfaring eller registrerte observasjonar av naturmangfald kan forvaltar sjå at omsøkt tiltak vil påverke artar eller økosystem. Dette vart også stadfesta av sekretær for villreinutvalet i Reinheimen-Breheimen, som seier tiltaket lite truleg vil påverke villreinen i området.

Basestasjonane har vore sett opp på verutsette områder før og skal tole mykje ver og vind. Det skal i utgangspunktet ikkje vere naudsynt med noko jamnleg drift og tilsyn av installasjonane. Likevel tilseier erfaring at alle installasjonar vil trenge noko vedlikehald. Mykje av utstyret som er naudsynt til basestasjonane er relativt små og lette, og kan fraktast fram til fots. Vidare har Skjolden beitelag fleirårige løyver med både snøskuter og helikopter i områda rundt. Det kan om naudsynt samordnast slik at eventuelt vedlikehald skjer samstundes. Difor reknar ikkje forvaltar med at det naudsynt med fleire motorferdselløyver, med unntak av montering.

Løyve til å etablere basestasjonar i dette området vil kunne gje presedens for tilsvarande saker i andre verneområde i Breheimen. Samtidig er beitedyr i området svært positivt for å halde kulturlandskapet ope, og landbruk er ein aktivitet det skal leggjast til rette for i tilgrensande verneområde. Det er også opna opp for tiltaket i verneforskrifta i Breheimen nasjonalpark, og Skjolden beitelag har 13 beitebrukarar som nyttar områda kring Mørkridsdalen til sommararbeite. Dette gjer at tiltaket vil vere nyttig for mange gardbrukarar som kan sikre framtidig bruk av områda til beitedyr og styrke verneformålet til Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Kunnskapen om området er kjent gjennom mange år med forvaltningserfaring og Forvaltningsplan for verneområda i Breheimen. Det er ikkje registrert raudlisteartar i planlagt område for oppsetting av master, med unntak av observasjon av jerv. Tiltaket vil ha ingen/minimal påverknad på villrein, jf. uttale frå sekretær i Reinheimen-Breheimen villreinutval. Det er ikkje registrerte kulturminne i område der basestasjonane er planlagt. Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdere denne saka, jf. nml. § 8, og førevar-prinsippet, jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga eit tiltak vil få på naturmiljøet, jf. nml. § 10. Basestasjonane vil vera nye tekniske inngrep. Dette er relativt små installasjonar som vil vera lite synlege på avstand, og vil ikkje gje dei store endringane i landskapet. Plassering av mastene kan ta omsyn til dei mest nytta turstiane i området. Stasjonane vil koma innanfor eit område som er markert som inngrepsfritt område (INON). Basestasjonane er relativt små installasjonar, og blir difor ikkje rekna som tyngre installasjon som endrar definisjonen på område som eit inngrepsfritt området.

Tiltaket vil i liten grad medføra inngrep i landskapet, med unntak av mindre boltar i fast fjell. Sidan desse kan kappast jamnt med fjellet blir det bli minimalt med sår i terrenget. Forvaltar vurderer tiltaket som reversibelt. Ved å plassera basestasjonane slik at dei er lite synleg frå turstiar i området, og med minst mogleg silhuett-verknad, vil dei vera til liten skade for friluftslivet. Etter ei samla vurdering meiner forvaltar basestasjonane ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane, og er ikkje i strid med verneføremålet i Breheimen nasjonalpark. Om tiltaket fører til at gardbrukarar held fram med å ha beitedyr i området kring



Mørkridsdalen, vil det heller vere med å styrke verneføremålet i Mørkridsdalen landskapsvernområdet.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

### Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar at tiltaket ikkje er i strid med verneverdiane og verneføremålet, og vurderer at Breheimen nasjonalparkstyre med heimel i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark § 3 punkt 1.3 k) bør innvilge søknad om etablering av 3 basestasjonar for elektroniske bjøller innanfor Breheimen nasjonalpark.

Med helsing

Trygve Snøtun  
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:

Statsforvaltaren i Vestland  
Liv Byrkjeland  
Luster kommune

Statens hus, Njøsavegen 2

Rådhuset

6863 LEIKANGER

6868 GAUPNE



Arkivsaksnummer: 2024/6439-4

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 14.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	29/24	21.06.2024

## Breheimen nasjonalpark - Innsamling av belegg til artskartlegging -Basiskartlegging - Miljøfaglig Utredning AS

### Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte 21 juni 2024 vedtatt at Miljøfaglig Utredning AS får, med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, løyve til å samle inn belegg av artar som det er vanskeleg å artsfeste i felt, som t.d. planter, sopp og lav, for slik å dokumentere naturmangfaldet betre i Mørkridsdalen i Mørkridsdalen landskapsvernområde, på følgjande vilkår:

1. For registreringar eller innsamlingar som blir gjort i hekketida for fugl må det leggst vekt på å minimere uro eller ferdsel som kan utgjere ein trugsel mot sårbare artar.
2. Det skal ikkje fangast eller samlast inn prøvar der dette kan utgjere ein trugsel mot lokale artspopulasjoner.
3. Med mindre det kan vere interessant å ta vare på biologisk materiale for genetisk strekkoding, eller andre genetiske eller morfologiske studier av geografisk eller annan variasjon innan ein art, skal artar som let seg artsbestemme ved fotografering, eller levandefangst utan å ta skade av undersøkinga, slippast fri etter undersøking.
4. For innsamling skal det ikkje takast fleire individ eller større prøvar enn det som er naudsynt for føremålet.
5. For innsamling av påvekst på tre eller andre naturlege substrat skal ein så langt det let seg gjere unngå skade på «vertsorganismar», daudt trevirke eller andre underlag eller voksemedium.

6. Innsamla individ eller prøvar skal takast vare på slik at føremålet med innsamlingen kan realiserast, og handsamast, eller eventuelt sendast vidare til museum eller annan mottakar som samsvarar med dette.
7. Informasjon om funna skal innan rimeleg tid leggest inn i aktuelle data- og informasjonsbankar, slik at informasjonen best mogleg kjem til nytte for forvaltinga av verneområdet, dei aktuelle artane, og naturmangfaldet generelt.
8. Kortfatta rapport om innsamlingar og artsregistreringar, og kva som er gjort med resultatata, skal sendast til nasjonalparkstyret innan utgangen av 2024.
9. Dette løyvet gjeld ut 2024.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. Forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men skal sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.


--- slutt på innstilling ---

## Saksopplysningar

Viser til e-post datert 13.05.2024 frå Ardian Høgøy Abaz i Miljøfaglig Utredning med søknad om innsamling av artsbelegg i verneområde i Vestland, mellom anna innanfor Mørkridsdalen landskapsvernområde i Mørkridsdalen i Luster kommune.

## Søknaden, med bakgrunn

Miljøfaglig Utredning skal i 2024 kartlegge naturtypar etter Natur i Norge (NiN 2.1) i fleire verneområde i Vestland fylke på oppdrag for Miljødirektoratet, etter rammeavtale for NiN basiskartlegging i verneområde. Oppdraget gjeld verneområda Kolebakkane naturreservat i Gloppen, Mørkridsdalen landskapsvernområde i Luster, Hurrungane i Jotunheimen nasjonalpark i Luster og Bergsetdalen i Jostedalbreen nasjonalpark i Luster.



Figur 1 Areal innanfor Mørkridsdalen landskapsvernområde som skal kartleggast av Miljøfaglig Utredning AS i 2024 er markert med lilla.

Føremålet med oppdraget er å styrke kunnskapsgrunnlaget i norske verneområde gjennom å framskaffe presis stadfesta informasjon om naturvariasjonen i verneområda. Oppdraget om kunnskapsinnhenting i Mørkridsdalen i Mørkridsdalen landskapsvernområde er tinga av Miljødirektoratet og ledd i arbeidet med å auke kunnskapen om trua, sårbar og sjeldan norsk natur. Resultata vil gjerast tilgjengeleg for forvaltninga etter endt oppdrag via dei offentlege innsynsløysingane Økologisk grunnkart, Naturbase og Artskart, samt i ein rapport som vil vektlegge forvaltingsrelevante problemstillingar. Som ein del av oppdraget inngår også registrering av artar til Artsdatabanken sin portal Artsobservasjonar.

Ikkje alle artar let seg identifisere i felt, t.d. er det ein del artar som krev mikroskopering for sikker identifikasjon. Det vil då vere naudsynt for biologane å samle prøvar av arten, og det er i denne samanheng Miljøfagleg Utredning søker dispensasjon frå verneforskriftene for artsgruppene karplanter, moser, sopp og lav i prosjektområda. Dei ønskjer kun å samle prøvar kor det er naudsynt for sikker artsidentifisering og kor artane som blir vurdert er relevante i forhold til verneforskrifta og oppdragsspesifikasjonen. Innsamling vil vurderast opp mot populasjonen sin robustheit. Det vil ikkje bli tatt prøvar om innsamlinga vil ha ein



nevneverdig negativ effekt på populasjonen. Innsamling skal ikkje føregå på ein slik måte at det kan forringe verneverdiane i området.

Det vil kunne bli samla artar som står på Norsk rødliste for artar 2021 (Artsdatabanken, 2021). Miljøfaglig Utredning skal ikkje samle prøvar av trua artar med mindre det er ein absolutt føresetnad for sikker identifikasjon (kor mikroskopering, DNA-analyser e.l. er naudsynt) og det er forsvarleg av omsyn til populasjonen sin bærekraft. Områda er planlagt kartlagt i perioden 22.august – 5.september, og arbeidet vil bli gjennomført av kyndig fagpersonell hos Miljøfaglig Utredning.

Breheimen nasjonalparkstyre handsamar søknaden for Mørkridsdalen landskapsvernområde. Søknaden som gjeld for dei andre verneområda blir handsama av forvaltingstyresmaktene som har ansvaret der.

## Heimelsgrunnlag

Omsøkt uttak av prøvar til artsidentifisering blir ramma av verneforskrifta i § 3 punkt 2. fyrste ledd:

*«Plantelivet skal vernast mot skade og øydelegging som kan endre det verna landskapet sitt særpreg eller karakter vesentleg.»*

Verneforskrifta har ikkje eigen dispensasjonsheimel som gjeld innsamling av organismer for forskning eller dokumentasjon av artsmangfald, og søknaden må difor handsamast etter naturmangfaldlova § 48, 1. ledd, som seier at:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Verneformålet er gitt i verneforskriften §2:

*«Føremålet med Mørkridsdalen landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande.»*

*Vidare er føremålet med landskapsvernområdet å:*

- ta vare på stølar med stølsvollar, kulturminne og naturbeitemarker
- ta vare på geologiske førekomstar og breforma landskap som U-dalar, breane sine avsetningar og andre kvartærgeologiske førekomstar
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur, særleg knytt til Mørkridsdalselvi
- ta vare på edellauvskogen med særmerkte, store og/eller gamle dekorative levande og daude tre, førekomstar av gamal furuskog og rasmarker som pregar landskapet.

*Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.»*

## Vurdering

For dei fleste artar av planter, sopp og virvellause dyr er habitatendringar ein langt større trugsel mot artsførekomstane enn innsamling eller uttak av enkeltindivid. Mangel på kunnskap er indirekte ein stor trugsel mot mange artar, sidan kunnskap om kor artar finnest eller har viktige funksjonsområde ofte kan vere ein føresetnad for å skjerme dei mot trugslar eller sette inn eventuelle tiltak for å hjelpe dei.

Forvaltar spelte inn området til Statsforvaltaren, då det kan vere aktuelt å lage ny skjøtelsplan for det aktuelle området i framtida. Argumentasjonen var: «"Området er ikkje kartlagt gjennom NiN-systemet tidlegare. Nasjonalparkstyret for Breheimen skal i november vedta besøksstrategi for Breheimen, der Mørkridsdalen er peikt på som den innfallsporten som kan tole meir besøk. Dette kan føra til auka slitasje på sikt. Det er behov for ein ny skjøtelsplan, som ser på eit større område rundt Drivandefossen (Krekafossen) og Berget. Det er fleire sårbare område, som til dømes fossesprøytsonen ved Drivandefossen, som ein bør få kartlagt endå betre. Kartlegging i dette området vil vere viktig ved utarbeiding av ny skjøtelsplan for Mørkridsdalen."

Viktige økosystem i Mørkridsdalen landskapsvernområde, slik som økologien nær vassdrag samt områder som tidlegare var nytta av landbruket er ønskjeleg å få meir kunnskap om i dette området (jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning).

Ut frå dette vurderer me arbeidet frå Miljøfaglig Utredning til å vere eit positivt tiltak som aukar kunnskapen om førekomst og utbreiing av artar, men det er ein føresetnad at denne kunnskapsinnhentinga i seg sjølv ikkje skal utgjere ein trugsel. For «mikroskopiske» artar av sopp og lav, som er lette å oversjå og difor normalt antas å ha langt fleire individ i eit område enn det ein klarar å finne, veit ein aldri om det ein finn faktisk kan vere det einaste i vid omkrets.

Me meiner at innsamling av artar som ikkje allereie er godt kjent i eit område, og som ikkje eintydig kan artsbestemast utan nærare undersøking med lupe innandørs, er eit indirekte bidrag til å ta vare på desse artane, så sant ikkje innsamlinga i seg sjølv utgjer ein trugsel. Omsynsfull innsamling slik det er definert av vilkåra er etter vår oppfatting ein miljøforsvarleg metode (jf. naturmangfoldloven § 12) for å auke kunnskap om artsførekomstar, og med det eit bidrag til å forbetre kunnskapsgrunnlaget, og sette forvaltingsstyresmakta i stand til å gjere vedtak som ikkje inneber nemneverdig risiko for skade på naturmangfaldet (jf. naturmangfoldlova §§ 8 og 9). På desse premissane meiner me at tiltaket ikkje strir mot vernevedtakets føremål, og ikkje kan påverke verneverdiane nevneverdig negativt, men tvert om vurderast som eit positivt bidrag til å oppfylle verneformålet.

**ST 30/24 Delegerte vedtak /**

**DS 35/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - 2027 - organisert ferdse**

**DS 36/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - 2027 - organisert ferdse**

**DS 37/24 Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - 2024 - utplassering av Fjellgeitpost - Fjellgeita - Skjåk IL 2024/3621**

**DS 38/24 Mørkridsdalen LVO - Søknad om motorferdse - Fjellsli - Transport av materialer - Sverre og Marta Marie Bukve 2024/4978**

**ST 31/24 Eventuelt /**